

**Hus nummer tre må byggjast nær tunet**

08.01.2008

**Fylkesmannens landbruksavdeling har ikkje merknader til at Møyfrid og Anders Kristoffersen før føra opp eit hus nummer tre på gardsbruket sitt på Musland, men avdelinga er kritisk til plasseringa. Etter det som går fram av gardskartet ligg det beiteområdet som Kristoffersen ønskjer å byggja huset på 800 meter frå tunet.**

Fylkeslandbruksstyret i Hordaland rår i strategien sin til at hus nummer to vert plassert som ein del av tunskipnaden og tilpassa dei eksisterande bygningane i tunet, Dette vert vurdert som ein fordel både i høve til drifta av garden og av omsyn til landskapet.

Desse vurderingane vil også gjelde for eit hus nummer tre som er tenkt å ha funksjon som kårhus. Erfaringar har også synt at kårhus oppførte langt frå gardstunet ofte vert frådelt i ettertid, noko som kan innebere eit resurstap for bruket.

Med dette som bakgrunn rår landbruksavdelinga til at kårhuset vert plassert i nærleiken av eksisterande tun.

Plan og bygningslova krev at det må føreliggja særlege grunnar for å gje dispensasjon. Fylkesmannen er kritisk til om det i denne saka føreligg særlege grunnar av slik vekt at dei veg tyngre enn omsynet til landbruk og landbruksdrift.

Difor rår landbruksavdelinga frå at det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

Av Ola Matti Mathisen.